



Land og bruk

Nummer 1 - 2015

Februar 2015

- nytt og nyttig for landbruksforvaltninga i Rogaland

Fylkesmannen i Rogaland, landbruksavdelinga

Redaktør: Nono Dimby, telefon 51 56 89 78, e-post: fmroara@fylkesmannen.no

Nyttig informasjon

Regionale midlar til klima- og miljøtiltak

Fylkesmannen har i år 600 000 disponibelt til støtte for gode prosjekt som kan bidra til å løysa klima- og miljøutfordringar i jordbruket i vår region.

Sjå vår heimeside for meir informasjon:

<http://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Landbruk-og-mat/Miljotiltak/Tilskot-til-miljotiltak/Prosjektmidlar-til-klima--og-miljotiltak/>

Søknadsfrist: 13. mars.

Søknaden sendast:

post: Fylkesmannen i Rogaland, PB 59,
4001 Stavanger

eller

e-post til fmropost@fylkesmannen.no

Ta gjerne kontakt viss dykk har spørsmål. Send gjerne denne informasjonen vidare i dykkar nettverk.

Arrangement for landbruksforvaltninga

SMIL-samlingar for tilsette i kommunane

- | | | |
|--------------|-----------|-----------|
| • Nordfylket | 12. mars | Tysvær |
| • Dalane | 17. mars | Bjerkreim |
| • Jæren | 14. april | Bryne |
| • Nord-Jæren | 24. april | Randaberg |
| • Ryfylke | 29. april | Jørpeland |

Mai

- | | | |
|-------------------------------|---------|--------------------|
| • Kurs i prosjektleiing | 2 dagar | Geir Skadberg |
| • Fylkessamling lbr.forvaltn. | 2 dagar | Sissel C. Endresen |
| • Kurs i gårdskart | 1 dag | Morten Svanes |
| • Feltkurs AR5-kartlegging | 2 dagar | Tonje Fjermestad |

Juni

- | | | |
|---------------|----------|---------------|
| • Skogseminar | Uke 23 | Stein Bomo |
| • Estil | 10. juni | Monica Dahlmo |



2015
International
Year of Soils

FN - Jordåret 2015


FN har erklært at 2015 skal vere det internasjonale jordåret.

Norsk institutt for Skog og Landskap har i samband med dette laga ein kalender for Jordåret 2015. Målet med kalenderen er å auke medvitet om kva jordsmonn er, og kva verdi det har for samfunnet.

I samarbeid med Skog og landskap har Fylkesmannen send [kalenderen](#) til alle ordførarar og rådmenn i Matfylket Rogaland. Den er vel verdt å lese og bruke!

Me oppmodar alle til å ta vare på denne viktige ressursen både i Jordåret 2015 og i åra som kjem.

Jordbruksareal i Rogaland - fordeling fulldyrka og innmarksbeite



Rogaland har 1 071 208 dekar jordbruksareal, dyrka og innmarksbeite

Les meir om [Jordåret 2015](#) hjå Norsk institutt for skog og landskap <http://www.skogoglandskap.no>.



Leiinga har ordet

Geir Skadberg

Meir frukt og grønt i husdyrfylket Rogaland!

Bøndene i Rogaland produserer mykje god mat. Rogalandsbøndene sin del av landet sin totalproduksjon har vi langt framme i panna, - om lag 20% av mjølka, storfe- og lammekjøtet, om lag 30% av dei kraftfôrkrevjande produksjonane og snart all tomatproduksjon. Det er bra. Vi også bør vere samde om at vi skal saman, arbeide for å auke den totale matproduksjonen i vårt fylke også innan animalproduksjonane. Kva med frukt og grønsaker? Jo, også her skal vi auke. Utgangspunktet vårt er godt!

Auka berekraftig matproduksjon er ledestjerna vår. Førsetnaden er sjølvstøtt at vi har bønder som vil. Husdyrproduksjonane vil framleis dominere i vårt fylke og det er rom for auke også her. Vi må samstundes henga med i det som skjer innan endring i kosthaldsvanar og forbrukarpreferansar. Vi må vere medvitne trendar knyta til kortreist, lokalt/regionalt, sporing, vegetabilsk/animalsk og anna som forbrukarane i aukande grad legg vekt på.

Rogaland har om lag 3,5 % av den totale fruktproduksjonen i landet.

Dei siste 15 åra har vi hatt nedgang i både tal produsentar og areal, og vi har diverre heller ikkje hatt auke i avling per dekar i denne perioden. No ser vi framover for horisonten er lys! Nokre få ord om marknadane, areala, menneska og kapitalen, dei fire hovudingrediensane som må til for å få opp fruktproduksjonen i Rogaland:

- **Marknadane:** the sky is the limit!
Marknadspotensiala er rett og slett gode.
- **Areala** er der for å etablere nye, - og vidareutvikle eksisterande hagar. Det totale fruktarealet i fylket var i 2013 berre vel 630 dekar delt på snautt 50 produsentar. Eple og plommer utgjorde 84 % av totalarealet.
- **Menneska.** Fleire av dagens fruktdyrkarar vil satsa og utvida, og fleire nye vil koma til. Då er det svært viktig å ta i bruk nye dyrkingssystem som gir høgare avlingar og utvikle kompetanse i høve til dette. Det er fullt mogleg å starte som «blank fruktbonde». Alt kan lærast og fruktbonde deler gjerne sine røynsler med nye.
- **Pengekapitalen.** Som i anna næringsliv skal ein få att for å investera. Gitt moderne dyrkingssystem som gir høge avlingar og god kvalitet, er det lønsemd i desse produksjonane. For dei som vil investere i nye eller vidareutvikle eksisterande frukthagar, har vi frå 01. august oppretta ei eiga investeringsordning hjå Innovasjon Norge Rogaland.

Vonar de vil hjelpe til med å få opp fruktdyrkinga i Rogaland. Bygdeutviklar *Kari Sand* er sentral i frukt-satsinga. Ring gjerne henne på mob. 95031190.

Mi oppmoding til deg er enkel, ta del i arbeidet med å få opp produksjonen av frukt og grønt i Rogaland!

Produksjon av frilandsgrønsaker i Rogaland.

Husdyrfylket Rogaland har 13 % av produksjonen av frilandsgrønsaker i landet og er ein stor aktør. Dei 100 produsentane representerer ein stor breidde både i arealstorleik og kva kulturar dei produserer. Arealmessig er spennet frå ein produksjon på eitt, - til over 1600 dekar. Forretningsmodellane og grad av spesialisering varierer mellom produsentane. Tyngda av produksjonen skjer på kontrakt. Hovudklynga er på Jæren og om lag halvparten av produsentane er medlemmer i Norsk landbruksrådgiving.

Det er mogleg å auke produksjonen av frilandsgrønsaker i Rogaland. Og dei same ingrediensane eg peikte på for fruktproduksjon gjeld òg her. Tilgang på nye areal ein utfordring for mange. Det er mellom anna utfordrande å få til eit optimalt vekstskifte. I samarbeid med Innovasjon Norge Rogaland og Norsk landbruksrådgiving har vi sidan hausten 2014 køyrd prosessar saman med grønsaksprodusentane, - kor utfordringar knyta til vidare vekst og utvikling har vore mest sentralt. Vi har valt å ta utgangspunkt i eksisterande bedriftene då vi meiner at dette vil vere den viktigaste strategien for å auke produksjonen totalt. Heilt frå starten av, har vi vært tydelege på at vi ynskjer å få avklart om det er potensiale i næringa å få til forplikande samarbeid mellom nokre av dagens produsentar.

Den 4.mars 2015 er grønsaksprodusentane i fylket invitert til møtet «Samarbeid om nye markeds-muligheter». Einaste «vilkåret» for at dei får koma, - er at den enkelte produsent møter med ei viss tru om at eigen bedrift kan utvikle seg godt vidare gjennom samarbeid med andre. Slike bedriftsnettverk sett saman av ulike bedrifter veit vi kan opne for nye marknadsmuligheter.





Nytt om RMP

Søknadsfristen blir i år 20. august. Det gir kommunane lengre tid til å handsame søknadar. Vi kjem til å sende ut info om dette i posten til søkjarar i 2014.

Pengepotten strakk godt til i 2014

Dette skuldast færre søknadar om tilskot til miljøvenleg gjødselspreiing enn forventa. Det blei difor gjort nokre mindre oppjusteringar av einskilde tilskotssatsar. Her vil vi særleg trekkje fram auka tilskot til organisert beitebruk. Oversikt over endelege satsar finn de på heimesida vår under «tilskot til miljøtiltak».

I veke 10 blir tilskotet utbetalt. Dei som har søkt elektronisk vil berre finne tilskotsbrevet i Altinn. Dei som leverte papirsøknad vil få brev i posten. Klagefristen på vedtaket er 3 veker frå brevet er mottatt. Det gjeld også dei som har fått det i Altinn. Dei vil få SMS- varsel om at dei kan finne brevet. Alle er nok ikkje inne og sjekkar Altinn kvar dag, så ei påminning er nok greitt å få.

Evaluering av miljøvirkemidlane

Som de truleg allereie kjenner til, evaluerer ei partssamansett gruppe miljøvirkemidlane i jordbruket. Resultata frå arbeidet vil vere klart til jordbruksoppgjeret. Kva endringar det vil gi for RMP vil vise seg. Vi vil så snart som råd etter jordbruksoppgjeret fastsette tilskotssatsar og eventuelle endringar i tilskotsordningane for 2015.

Kontaktpersonar:

- Monica Dahlmo, 51 56 89 66,
- Else Fredheim Hodne, 51 56 89 77

Miljøvenleg gjødselspreiing

Tilskotsområdet for miljøvenleg gjødselspreiing er utvida. Vi ønskjer at fleire skal ta i bruk miljøvenleg spreieutstyr når dei spreier husdyrgjødsel. Det er difor gjort to endringar i tilskotsordninga:

- Frist for bruk av husdyrgjødsel på omsøkt areal er flytta frå 1. august til **10. august.**
- Tilskotsområdet har blitt utvida til å gjelde følgjande område:

Heile kommunane:	Vindafjord, Randaberg, Sola, Stavanger, Time, Hå og Klepp
Område i Sandnes kommune og Gjesdal kommune som drenerer til:	Figgjovassdraget inkl. Skas Heigre-kanalen, Storåna, Folkvordkanalen
Område i Tysvær kommune som drenerer til:	Skjoldafjorden

I tillegg kan dei som driv økologisk søkje tilskotet. Det er som tidlegare krav til at miljøvenleg teknikk blir brukt ved alle gjødslingane på arealet det søkjast tilskot til.

Vi ber kommunane om å bidra til å gjere endringane kjent. Sjølv om frosten ikkje ennå har sleppt taket, er det ikkje lenge til våren og hevda –lukta er her!

Miljøavtalar

Siste frist for bruk av husdyrgjødsel er blitt samordna med miljøvenleg gjødselspreiing og er no 10. august.





Nytt om SMIL

I 2014 fekk 233 søkjarar til saman 16,47 millionar til SMIL-tiltak (12,34 millionar i 2013). Dette er den høgaste oppslutninga om SMIL-ordninga nokosinne. I 2015 er SMIL-ordninga berre for dei som oppfyller vilkåra til å søkja produksjons- og avløyartilskot.

SMIL skal støtte tiltak som tar vare på natur- og kulturminneverdiar i jordbrukets kulturlandskap og å redusere ureininga frå jordbruket utover det som blir vurdert som vanleg jordbruksdrift.

SMIL i 2015

Rogaland fekk i 2015 tildelt ei årsramme for SMIL på 8 millionar (mot 10,5 millionar i 2014).

Med unyttta midlar overført frå 2014 har Rogaland disponibelt 9,28 millionar i 2015.

Tildeling til kommunane kjem tidleg i neste veke.

Ny SMIL-forskrift frå 1.1.2015

Dei viktigaste endringane frå den opphavlege SMIL-forskrifta er:


- Berre føretak som oppfyller vilkåra på søking om produksjonstilskot og avløyartilskot kan søkja.
- Krava som tidlegare ble stilt til søkjarar om å ha miljøplan er lagt inn i den nye SMIL-forskrifta:
 - krav om gjødslingsplan og plantevernjournal.
 - kart over disponibelt jordbruksareal,
 - karta skal i tillegg skal vise kulturminnar, areal med viktig biologisk mangfald, areal med
 - erosjonsrisiko, areal utsatt for avrenning av næring/jord og andre forhold av miljøretta karakter.

Kommunale SMIL-strategiar må oppdateras for å fatte gyldige vedtak etter SMIL-forskrifta

Kommunane må ha ein gyldig politisk vedteken 4-årig SMIL-strategi. Denne skal liggja bak alle vedtak etter SMIL-forskrifta. SMIL-strategien:

- skal utformast av kommunen og lokale næringsorganisasjonar for at bruken av tilskotsmidla skal oppnå størst mogleg effekt,
- skal vise utfordringane kommunen har innan miljø- og kulturlandskap,
- skal handsamast politisk slik at lokale politikarar kan påverke innhald og prioriteringar,
- bør innehalde ein tiltaksdel som viser korleis kommunen aktivt skal nå målsetjingane innafør ulike tema og geografisk avgrensa område og
- bør synleggjere ulike motiveringstiltak av grunneigarar, bygdemøte, seminar, utforming av skjøtselsplanar for eit større område m.m. kan vere aktuelle tiltak i ein tiltaksstrategi.

Vi oppmodar samstundes kommunane til å prioritere tiltak innan vassforskrifta og biologisk mangfald høgt.



Nytt om dreneringstilskot

Rogaland har ikkje oppnådd måla om å bruke opp dreneringstilskot for 2014.

Av 6,87 millionar til disposisjon for dreneringstiltak i 2014 blei det løyvd 2,93 millionar fordelt på 177 søkjarar.

Det ble løyvd tilskot til å drenere 2 470 dekar fulldyrka areal og 27 630 meter avskjæringsgrøftar/grøfter . Det var mest aktivitet i kommunane Hå, Bjerkreim, Vindafjord og Tysvær. Dei sto for 53% av alle løyvingane i Rogaland.


Landbruksnæringa har signalisert at kravet om at kulturminnemyndigheiter sin uttale i samband med søknadar på drenering er hovudorsaka til at så få gardbrukarar søkte om drenerings-tilskot i 2014. Etter deira meining er det bortkasta at kulturminnemyndigheiter skal uttale seg på ny, på fulldyrka jord som tidlegare har vært drenert. Dei ser ikkje hensikta med dette kravet når dei ved å drenere ny utan tilskot, «slepp unna» kravet om vurdering av kulturminnar. Mange bønder i heile Rogaland held difor i 2014 fram, med å drenere utan å søkja tilskot. Da kan dei utføra denne jobben etter eige ønskje og til den tida som eignar seg best for å utføre jobben..

Digitalisering av spreieareal på innmarksbeite



På www.temakart-rogaland.no/spreieareal skal kommunane digitalisere kvar det er godkjend spreieareal på innmarksbeite. Portalen er open slik at bøndene sjølve kan sjå kva areal som er godkjent.

Det er mogleg å søkje opp eigedomane ved bruk av «søk»- funksjonen. Dei ulike teigane som er digitalisert vil då komme opp. For å få summert opp kor mykje areal som totalt er godkjend på kvart Gnr/Bnr kan de bruke informasjonsknappen øvst til venstre. Trykk på i- knappen og marker ein av teigane. Under fana «resultat» vil de få opp informasjon om eigedomen. «TotArea» viser kor mykje som totalt er godkjend på same Gnr/Bnr.



Det er ei stund sidan vi har hatt kurs i korleis digitalisere spreieareal. Er de nokon som ønskjer ei oppfrisking, kontakt Monica Dahlmo på 51 56 89 66.

«Stille vann har dypest grunn»

